

Årsmelding for Bø skulemusikk 2018

Styret i Bø skulemusikk har i 2018 vore sett saman slik:

Laila Jørgedal (leiar)
Dag-Einar Hvitsand (nestleiar)
Rolf A. Lie (kasserar)
Marie Hynne (sekretær)
Eldrid Mathiesen (styremedlem driftsutval)
Guri Røsok (dirigent)
Vara:

Saman med Eldrid i driftsutvalet sit Sverre Jacobsen, Amund Johnsrud, Sigmund Tholvsen, Selma Al-Aazari og Wenche Heldal.

Jan Bakkåker har vore revisor.

Valnemnd har vore Anita Hellestad og Rune Digranes Bøen

I styret for Sommarlandfestivalen sit Siv Anita Folkestad, Mona Tveitan og André Ladiszlaidesz.

STYREARBEID

Det har i løpet av året vore 6 styremøte. Som tidlegare år har fokus i styret vore på planlegging av ulike aktivitetar for korpset, driftsoppgåver, økonomisaker og turplanlegging. I år har også samarbeid/samanslåing med Gvarv vore tema.

MEDLEMSTAL OG INSTRUMENTFORDELING:

Ved utgangen av året var det 91 medlemmer totalt.

Det var 13 nybyrjarar og 10 aspirantar der det er: 2 på fløyte, 7 på klarinett, 6 på trompet, 1 på trombone, 2 på waldhorn, 2 på tuba og 3 på slagverk

I hovudkorpset er det 68 medlemmer fordelt på:

9 fløyte, 14 klarinett, 6 saxofon, 19 trompet, 2 waldhorn, 6 trombone, 2 baryton, 2 tuba og 8 slagverk.

I dette regnskapet er korpmedlemmene frå Gvarv regna inn i hovedkorpset. I tillegg kommer 4 aspiranter frå Gvarv som ikkje er telt med her.

FASTE ØVINGAR

Øvingane har gått føre seg i Storsalen i Gullbring kvar torsdag, frå kl 18.30 – 20.30.

Aspirantane har hatt øving torsdag frå kl 15.00-16.00

SOMMARLANDFESTIVALEN

Arrangementet gjekk føre seg i tida 22. – 24. juni 2018. Arrangementet fungerte også i år svært bra, og deltakartalet var godt. Bø skulemusikk fekk i 2018 også eit godt økonomisk bidrag på nesten kr 250000,- frå festivalen.

INNTEKTSGJEVANDE TILTAK

Loppemarknaden vart også i år gjennomført med godt resultat. Takka vere ein stor dugnadsinnsats er det mogeleg å gjennomføre arrangement som sikrar ein god økonomi for Bø skulemusikk. (Inntekt Ca 200000,-) Grasrotandelen gjev framleis inntekter,(26000,-) det same gjer bingomidlane (100000,-) og pantelappane. (Ca 5000,-) (I tillegg får korpset støtte frå ulike fond: Skulemusikken fikk 10 000,- kr av instrumentfondet og kr 55 000,- av Sparebankstiftinga, 26000,- fra Frifond m.m. Skulemusikken fekk og 86000,- i momskompensasjon.

ORGANISASJONSTILKNYTING

Bø skulemusikk er knytt til *Korpsnett Norge*.

AKTIVITETAR I 2018

Vår

Januar: 19.-21. Øvingshelg i Rauland for korps og aspirantar. Denne helga er veldig viktig både musikalsk og sosialt for korpset. Som vanleg var det god stemning og topp innsats.

Februar: 15.02 Årsmøte med konsert

Mars: 4.3 Hjertnesfestivalen i Sandefjord. Skulemusikken vann 1. divisjon for skolekorps

Mai: Speling for konfirmantar fleire sundagar, marsjering i barnetoget på 17. mai og konsert på Bø torg.

Juni: 22.-24. Sommarlandfestivalen, skulemusikken deltok i marsjkonkurranse

Haust

August: 25.-26 Loppemarknad. Musikantane var med og hjelpte til

September: 8.-10. Øvingshelg med tur til Langesund bad

November: Ekstra øvingsdag, julegrantenning på Bø torg

Desember: 8. og 9. Juleshow i kulturskolen, speling på Julaftensgudstenesta i Bø kyrkje

Bø, 13. februar 2019

Marie Hynne